



Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/7760-26

Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

1. Innspel frå opplæringskontor og andre
2. Avgangselevar i grunnskulen
3. Utlyst tilbod og inntekne elevar per skule skuleåret 2018-2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020 skal handsamast i hovudutval for opplæring 20.11.2018.

I Opplæringslova §12-4 står:

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval hadde møte med opplæringskontora 27. september. Tema var innspel til dimensjonering av opplæringstilbudet og tilgangen på læreplassar i dei ulike bransjane. Opplæringskontora vart inviterte til å kome med skriftlege innspel til neste års opplæringstilbod, desse er omtala i saka.

2. Føresetnader

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen, FT-sak 26/13 dannar grunnlag for strukturen i opplæringstilbudet. Tilbudet som skal lysast ut må i størst mogeleg grad vere tilpassa venta søking til vg1 (tal avgangselevar frå grunnskulen), og vidareføring av tilbod på vg2 og vg3.

Opplæringsretten er knytt til eitt av tre utdanningsprogram på vg1, eit vg2 som bygger på det aktuelle vg1 og vg3 som bygger på aktuelt vg2. Opplæringsretten er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Den økonomiske ramma for opplæringstilbudet skuleåret 2018/2019 vert vidareført på same nivå som for inneverande skuleår.

Innspel frå opplæringskontora:

Bilbransjens opplæringskontor

Vg2 køyretøy: Alle grupper på vg2 køyretøy har 12 elevar, totalt 36 plassar i fylket.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri, 6 plassar.

Opplæringskontoret seier dei kan ta inn fleire lærlingar enn det var avgangselevar i desse klassane i år. Bransjen har i år teke inn fleire vaksne og henta lærlingar frå andre fylke.

Vg1 TIP

Opplæringskontoret meiner at ein må auke opp tal elevplassar på vg1 TIP for å gje plass til «transportfagelevane». Opplæringskontoret har tidlegare peika på at «TIP bedriftene» i Indre Nordfjord fekk eit svakare rekrutteringsgrunnlag etter at vg1 TIP blei lagt ned i Stryn. I lys av dette meiner dei at den beste løysinga er å få ei gruppe vg1 ved Stryn vidaregåande skule.

I Sunnfjord er det mange som ikkje kjem inn på vg1 elektrofag, opplæringskontoret meiner at ein må auke opp med ei gruppe på vg1 elektro eller vg1 TIP. Vg1 elektro har kryssløp til fleire av TIP faga.

Byggmesternes Servicekontor as

Fylkesdirektøren har ikkje motteke innspel til sak om opplæringstilbodet.

Nordfjord Opplæringskontor

Vg1 TIP

Opplæringskontoret meiner det er heilt naudsynt å auka tal plassar på vg1 TIP i Nordfjord. Dette med bakgrunn i at vg2 transport og logistikk rekrutterer frå vg1 TIP i ny struktur for yrkesfag, frå skuleåret 2020/21. Dagens struktur har kryssløp frå vg1 service- og samferdsle og TIP. Det bør opprettast ei gruppe vg1 TIP ved Stryn vidaregåande skule.

Vg1 Elektrofag

Opplæringskontoret meiner det er behov for tre vg1 grupper i Nordfjord, dette for å sikre nok rekruttering til vg2 tilboda.

Vg4 påbygg til generell studiekompetane

Opplæringskontoret meiner at dette må vere eit tilbod i både Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Fleire av ungdommane i Nordfjord vel no å reise til nabofylket for å ta denne opplæringa.

Opplæringskontoret melder om at dei har henta fleire lærlingar frå nabofylket særleg innan TIP-faga i år.

Maritimt opplæringskontor sør/vest Norge

Maritime fag

Opplæringskontoret ber om minimum dagens kapasitet vert oppretthalden, og at plasstalet gjerne kan aukast på vg2 maritime fag. Opplæringskontoret tek sikte på å auke talet på lærlingar frå vg2 maritime fag neste år.

Opplæringskontoret for anlegg- og bergverkfaga

Vg2 anleggsteknikk

Opplæringskontoret er klare på at det bør aukast opp med ei gruppe i vg2 anleggsteknikk.

Det er teke inn fleire lærlingar som har «feil» vg2, i tillegg er det fleire som vel 1+3 løp når dei ikkje kjem inn på vg2 anleggsteknikk. Opplæringskontoret melder om stort behov for lærlingar i anleggbransjen.

Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk

Vg1 bygg- og anleggsteknikk bør det vere 13,5 grupper med følgjande fordeling;

5 grupper Mo og Øyrane, 4 grupper Sogndal, 2 grupper Florø, 1,5 gruppe Stryn og 1 gruppe Måløy vidaregåande skular.

Vg2 bør ha 12 grupper med følgjande fordeling;

Byggteknikk 7 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane og Sogndal, 1 gruppe i Flora, Måløy og Stryn. Anleggsteknikk 3 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Klima miljø (KEM); 2 grupper; 1 gruppe på Flora vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Stryn; det er viktig at ein tek inn fleire elevar på vg1. Erfaringa frå dette distriktet viser at mange søker vg2 anleggsteknikk og delvis KEM. Med denne «lekkasjen» frå vg1 vert grunnlaget for vg2 svekka og ein kan risikere at tilbodet ikkje vert sett i gang. Dette bør ein unngå då behovet for vg2 byggteknikk er stort i lokalt næringsliv.

Opplæringskontoret presiserer at dei ikkje kan gå inn for 2 grupper på vg2 anleggsteknikk om dette går på «bekostning» av ein vg2 byggteknikk gruppe.

Opplæringskontoret for elektrofag

Vg1 elektro

Opplæringskontoret meiner at tilbodet ikkje bør aukast dersom ein tek utgangspunkt i at elektrobransjen åleine skal ta ansvaret for vidare læreløp.

Vg2 elenergi

Opplæringskontoret meiner at dagens dimensjonering er rett.

Vg2 automasjon

Tilbodet bør vere som i dag med 2 grupper.

Vg2 Data og elektronikk

Opplæringskontoret meiner ein bør vurdere å samle data og elektronikk tilbodet slik at ein har moglegheit til å ta vg1, vg2 og vg3 på same skule.

Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruk

Fylkesdirektøren har ikkje motteke innspel til sak om opplæringstilbodet.

Opplæringskontoret for hotell- og matfag

Fylkesdirektøren har ikkje motteke innspel til sak om opplæringstilbodet.

Opplæringskontoret for offentlig sektor

Mo og Øyrane vidaregåande skule fekk skuleåret 2018/19 auka vg1 helse og oppvekst med ei gruppe. Opplæringskontoret ber om at ein sikrar vidareføring av vg2 tilpassa dette.

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Vg1 TIP

Opplæringskontoret meiner det er behov for å auke opp tal grupper på vg1 TIP.

Vg2 industriell møbelproduksjon

Industriell møbelproduksjon må vidareførast på Eid vidaregåande skule.

Vg1 service og samferdsel og vg2 sal, service og sikkerheit

Opplæringskontoret meiner at Mo og Øyrane og Flora vidaregåande skule bør tilby vg1 service og samferdsel og vg2 sal, service og sikkerheit. Dersom Mo og Øyrane vidaregåande skule meiner det er rett å vidareføre YSK innan tilbodet service og samferdsel støttar opplæringskontoret dette.

Opplæringskontoret melder om at dei manglar 5-6 lærlingar innan TIP faga, 5-6 innan salsfaget.

Opplæringskontoret for transport og logistikk

Vg2 transport og logistikk, 3 grupper, 1 gruppe i Førde, Sogndal og Stryn.

Opplæringskontoret meiner det er viktig å auke opp kapasiteten for på vg1 TIP , då transport og logistikk frå 2020 vert flytta til TIP.

Opplæringskontoret seier at det er behov i persontransport- og lastebilnæringane for 70-80 nye sjåførar/lærlingar kvart år og dei neste fem åra.

Sogn Opplæringskontor

Vg1 TIP

På bakgrunn av at også vg2 transport og logistikk skal rekruttere frå vg1 TIP i ny yrkesfageleg struktur ser opplæringskontoret det heilt naudsynt å auka talet grupper på vg1 TIP i Sogn.

Dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma er rett dimensjonert i dag etter det behovet opplæringskontoret ser.

Dette året kunne opplæringskontoret teke inn langt fleire lærlingar frå vg2 industriteknologi og vg2 kjemi og prosess. Berre Hydro Årdal manglar 7 lærlingar dette året.

Innspel frå Maskinentreprenørenes forbund:

Maskinentreprenørenes forbund region vest ber Sogn og Fjordane fylkeskommune om å etablere 24 nye skuleplassar på vg2 anleggsteknikk for skuleåret 2018 -2019.

4. Erfaringar frå arbeidet med formidling til læreplass i 2018.

28. august stod det att 58 søkjarar med ungdom-, vaksen- og fullføringsrett utan læreplass. Dette er ein nedgang på 8 i høve til året før. Dei næraste vekene etter dette fekk fleire søkjarar tilbod om lære- eller skuleplass, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få læreplass til alle.

Ved skulestart vart alle søkjarar utan læreplass kalla inn til informasjonsmøte på dei vidaregåande skulane. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

I år hadde vi 12 utan læreplass i IKT-faget, 7 i elektrofaga og 10 innan helsefaga. Elles fordelar resten seg relativt jamt på programfaga.

Søkjar til læreplass med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om læreplass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar i år vg3-tilbod i IKT-faget, elektrofaga og i enkeltfag. I enkeltfaga blir det individuelle opplegg for elvane der dei har store delar av opplæringa ute i bedrift.

Fylkesdirektøren merkar seg at liten mobilitet blant søkjarane til læreplass kan vere til hinder for at dei tek i mot læreplassen. Likeeins ser vi at deler av næringane kun ønskjer å rekruttere lokalt, slik at søkjarar vert ståande utan tilbod om læreplass. Denne problemstillinga er nasjonal og er vel så krevjande som mangelen på læreplassar.

4. Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkesdirektøren registrerer at det i innspela frå arbeids- og næringslivet er peika på at innan TIP faga er det for få søkjarar i høve til læreplassar. Dei fleste andre faga/bransjane er det bra samsvar mellom kapasiteten i skule og tilgangen på læreplassar. Samstundes er det ingen av innspela som kommenterer ei samla vurdering av opplæringstilbodet, eller korleis ein skal løyse utfordringa i dei faga der det ikkje er samsvar mellom tal elevar som har søkt læreplass og dei læreplassane som er tilgjengeleg.

Fylkesdirektøren legg saka fram for fagopplæringsnemnda utan tilråding.